



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Steinar G. Sørli, 5557 2154

Vår dato
05.03.2014
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2014/3060
Dykkar referanse
«REF»

Likelydande brev er sendt til:
Sjå vedlagt adresseliste

Utlysing av tilskot til informasjonstiltak knytt til klima og miljø i jordbruket

Fylkesmannen i Hordaland har kr 300 000 til klima- og miljøtiltak i jordbruket for 2014.
Søknadsfristen er 20. april.

Midlane skal kunne bidra til å nå følgjande mål for Hordaland:

- Ta vare på og utvikle det opne og særmerkte kulturlandskapet
- Redusere ureining knytt til tap av næringsstoff frå jordbruksareal til luft og vatn
- Tilpasse landbruksdrifta til eit endra klima
- Halde nede forholdet mellom utslepp og binding av klimagassar i Hordaland

Fylkesmannen vil prioritere praktiske og næringsretta prosjekt som kan spreie kunnskap om:

- Tiltak og tilskotsordningar for å hindre attgroing og for ivaretaking av kulturminne og biologisk mangfald i kulturlandskapet
- Miljøplan trinn 1 og 2
- Tiltak for å redusere og førebyggje ureining av vassførekomstar, særleg med tanke på P-status i jorda, lagring og spreing av husdyrgjødsel og silopressaft
- Tiltak for å redusere utslepp av klimagassar frå vassmetta jord og husdyrgjødsel
- Klimatilpassingar i gras-, frukt- og bærproduksjonen i fylket

Kven kan søkje?

- Fag - eller næringsorganisasjonar
- kompetansebedrifter, utgreiings- og forskingsmiljø
- kommunar
- regionale og lokale lag og foreiningar

Informasjon om prioritering av tema om utvikling- og informasjons går fram av Regionalt miljøprogram for jordbruket i Hordaland 2013 – 2016.

Med helsing

Åse Vaag e.f.
Ass. landbruksdirektør

Steinar G. Sørli
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Adresseliste
Kommunane i Hordaland
Bioforsk Ullensvang
Bioforsk Fureneset
Norsk Fruktrådgiving Hardanger
Norsk Landbruksrådgiving Hordaland
Haugalandet landbruksrådgiving
Hordaland Bondelag
Hordaland Bonde og Småbrukarlag
Naturvernforbundet i Hordaland
Museumssenteret i Hordaland

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.